



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		

19970003 Slobrekk bustadfelt - mindre endring

Vedlegg

- 1 19970003 Slobrekk reviderte føresegner

Dokument i saka

[Reguleringsplan for 1997 Slobrekk](#)

Bakgrunn



Eigar av 88/86 har sendt ein søknad til Vinje kommune om kaup av areal. Det er ynskje om å kaue omlag 500 m² som tillegg til bustadtomt i samband med bygging av garasje. Tilleggsareal synt med blått i kartutsnitt.



Kommunedirektøren vel i den samanheng å ta opp reguleringsplanen for Slobrekk bustadfelt for ei mindre endring og justering av plankart. Det er ein eldre reguleringsplan, der svært lite av det som er regulert stemmer overeins med slik det er bygd.

Kartskissene nedanfor syner gamalt og nytt plankart.

Det vart sendt ut varsel om oppstart av arbeid med mindre endring av reguleringsplanen 19.08.2025. Det er kome 3 innspel. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune har ingen kommentar, men Tor Ånund Åsheim peikar på ein del av dei same utfordringane som ein forsøker å løyse med å justere plankartet.



Vurdering

Det har lenge vore diskutert at det er behov for å gjere justeringar i reguleringsplanen for Slobrekk for å oppdatere den til slik den faktiske situasjonen er. Justeringane er vurdert å vere av ein slik karakter at dei kan takast med ei mindre endring av reguleringsplanen. Endringane går ut på å flytte tomteareal og vegar i plankartet slik at dei stemmer overeins med eigedomsgrenser og reell plassering av tomter og vegar.

Det er òg teke ein gjennomgang av føresegnene saman med byggjesak og gjort små justeringar av dei. Justeringane er synt i vedlegg 1 – reviderte føresegner.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Mindre endring av reguleringsplan for 19970003 Slobrekk bustadfelt vert vedteke i tråd med plan- og bygningslova § 12-14. Det vert samstundes gjeve løyve til å skilje frå 500 m² frå eigedom 88/160 i tråd med plan og bygningslova § 20-1, bokstav m, slik det er synt i skisse. Det vert sett som føresetnad at arealet vert lagt til eigedom 88/86.